



Lars Hogne Syslak
Sandviksveien 92
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2399 - 18/32024

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.10.2018

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 110/5 Syslak

Det vert vist til søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 110/5 motteke 09.08.2018.

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 17.10.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og plan- og bygningslova § 1-8 (byggjeforbodet i strandsona) for oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 110/5 slik det er søkt om.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1 000 m² frå gbnr. 110/5 slik det er søkt om og på følgjande vilkår:

- 1. Grensene for den nye parsellen går fram av situasjonsplan datert 13.09.2018 som er journalført mottatt 19.09.2018, jf. pbl. § 29-4. Parsellen sin nøyaktige storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**
- 2. Det vert sett krav om at restarealet av gbnr 110/5 skal samanføyast ved sal til gbnr 110/4, jf pbl § 21-4 femte ledd bokstav b).**
- 3. Før det vert gjennomført oppmålingsforretning eller parsellen vert oppretta skal det liggja føre:**
 - Tinglyst avtale som sikrar den nye parsellen vegrett over gbnr 110/5 frå kommunal veg og fram til grensa for den nye parsellen, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.**
 - Tinglyst avtale som sikrar den nye parsellen rett til å plassera anlegg for vatn og avløp på gbnr 110/5, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.**
 - Vilkår i vedtaket om deling etter jordlova datert 05.10.2018 skal vera oppfylt.**

Løyyet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyyet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.»



Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg klagevurdering.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon og oppretting av ny grunneigedom med eksisterande våningshus - gbnr 110/5 Syslak
Søknad om deling - gbnr 110/5 Syslak
Søknad om dispensasjon
Nabovarsel
Erklæring om rettighet i fast eiendom
gbnr 110-5 Ortofoto 2015
Gbnr 110-5 KDP
Gbnr 110-5 Grunnkart
Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningsloven § 1-8
Kart

Kopi til:

Lars Hogne Syslak Sandviksveien 92 5035 BERGEN

Mottakarar:

Lars Hogne Syslak Sandviksveien 92 5035 BERGEN